

90. ¹ Tone: Jeg har baaret lerkens vinger

Bondestaak aa stell aa styρνad
Fraa da strora til da smaa
Altid hev havt liten vyrԑnԑad
Enkelt vesalt paa aa sjaa

Grava mold aa steinar sprengja
Kjørԑa myk aa byggja heim
Sanneleg den hardt maa trengja
So tek denne arbeidsgrein

Bonde ja de kun ein bonde
Er eitt litevesalt namn
Faae so vil vera bonde
Men vil upp til betre hamn.

Sta med bøygjen rygg aa grava
Djupa veita sveitt aa graa
Seint aa tidleg gaa aa kava
Tusind ting aa passa paa

Nei mitt hovud aa mit hjarta
Huga da so bere er
Eg vil noko større verta
Slikt so glimar, glori bær

Kva er det daa være bonde
Lan du tyda rett det namn
Ingjen i den heile runde
Det i grunnen greida kan.

Det er so mangfeldt bondeyrkje
Storfeldt, stridfeldt, dupfeldt aag
Bifor trengst det kunst aa styrkje
Ein treng være vakjen aag.

Naar det veks aa naar det blømar
Etter bondens grip aa spa
Gjerna dei so soleis dømar
Bonden jau han leve bra.

Bonde er eitt namn so grepa
Det so jamleg faa ein sjaa
Fyr naar noko stort ein skjepa
Bondens rygg ein reknar paa

Hev det røynt paa, so at kriga
Heve lagt vort folk i sut
Bonden maa um gjerde stiga
Fram til fronten bondegut.

Difor er det glupt aa være
bonde ut i marg aa blo
Store stærke til aa gjera
Det so bera kan aa gro.

Fest for bobden ja ei glupa
so gjeng ord aa fretnad taa
Han si grev indtil han stupa
Kan ein meira krevja daa.

Bonde bonde lev med æra
Yrkje ditt i æra staar.
Glupt var det du fekk aa gjera
Um kje minnestein di faar.

Bonde du kan døy med hugna
Du hev ete eige braud
Aasso grov du til du *bugna*
Um imyllom du lei naud.

1 Ref: Foto Bj_s141.TIF